

## § 2 Årsmelding

### Årsmelding for Oslo Nei til EU 2020

Styret som var valt på årsmøtet i 2019 (sjå årsmeldinga for 2019), vart sitjande vidare etter det avlyste årsmøtet 11. mars 2020. Dei som vart valde på det utsette årsmøtet 15. oktober 2020, var:

Leiar	Syver Zachariassen
Nestleiar	Lill Fanny Sæther
Styremedlem	Tove Karina Eidhammer
Styremedlem	Eva Heir
Styremedlem	Ole Dahle Kvadsheim
Styremedlem	Ole Kristian Setnes
Styremedlem	Håvard Tangen
1. varamedlem	Andreas Tharaldsen
2. varamedlem	Marielle Minutella
3. varamedlem	Karianne Hagen Wendt
4. varamedlem	Lisa Wensberg

I kalenderåret 2020 var det åtte styremøte, i fyrstninga var dei fysiske, etter 12. mars (nedstengingsdagen på grunn av koronapandemien) vart dei digitale. Førre årsmøtet 2. mars 2021 var det tre styremøte til for 2020-styret. Det er ein hyggjeleg tone og godt samarbeid i fylkesstyret.

### Medlemsutviklinga

Ved utgangen av 2020 hadde Oslo Nei til EU 1327 medlemmer, og det er ein liten nedgang på 28. Det er 1174 hovudmedlemmer, 127 husstandsmedlemmer, 25 studentmedlemmer og éin gratismedlem. Det var 94 nyverva medlemmer i 2020.

### Purring på medlemspengane

Fylkesstyret gjekk gjennom lista med medlemmer som ikkje hadde betalt medlemspengane på det siste styremøtet i året. Me greidde då å få nokre av desse til å betala kontingenten innan utgangen av året. Truleg hadde det vore betre å purra på medlemspengane på eit tidlegare tidspunkt.

### Kontaktpersonar og lag i bydelane

Alna: Jorunn Grandaunet

Bjerke: Kari Synnes

Gamle Oslo: Bente Moseng

Grorud: Sju Beckmann

Grünerløkka: lokallagsleiar Ole Kristian Setnes (fungerande og aktivt lokallag)

Nordstrand og Søndre Nordstrand: lokallagsleiar Eva Heir (fungerande og aktivt lokallag)

Sagene: Liv Hille

St. Hanshaugen: Marielle Minutella

Ullern: Margaret Eide Hillestad

Vestre Aker: Gudrun Høverstad

Desse bydelane har i dag ingen kontaktperson: Frogner, Nordre Aker, Stovner og Øststensjø.

Ole Dahle Kvadsheim, Lill Fanny Sæther og Marielle Minutella administrerer Facebook-sida vår

## § 2 Årsmelding

<https://www.facebook.com/OsloNeiTilEU/>

### Økonomi

Oslo Nei til EU løyvde 20 000 kroner til Ungdom mot EU og 20 000 kr til Fagleg utval i Nei til EU. Det er òg gjeve tilskot til Ungdom mot EU, Studentar mot EU og Finnmark Nei til EU etter landsmøtevedtak.

Fylkeslaget dekte opphaldet, reisa og deltakaravgifta på fylkesstyremedlemene Tove Karina Eidhammer og Håvard Tangen som var med på Trondheimskonferansen 31. januar – 2. februar 2020.

Lill Fanny Sæther deltok òg på Trondheimskonferansen, men ho representerte LO i Oslo.

Sjå elles eiga sak om rekneskapen for 2020.

### Fylkesårsmøte på Teams 15. oktober kl. 18.00 – 20.00

Det var 39 påmelde på årsmøtet. Det vart valt eit nytt styre, og dei faste årsmøtesakene var oppe til handsaming, årsmelding, arbeidsplan, rekneskap, ettersynsmelding, budsjett og melding frå kontrollnemnda. Delegasjon til landsmøtet vart òg vald (sjå melding om landsmøtet nedanfor). Førre dei formelle årsmøtesakene var det presentasjon av klimarapporten til Nei til EU ved forfattaren, fylkesstyremedlem Ole D. Kvadsheim.



Fylkesstyremedlem og forfattar av klimarapporten Ole Dahle Kvadsheim (foto: Nei til EU).

### Fagleg utval i Oslo Nei til EU

Dei som sit i dette utvalet, er Andreas Tharaldsen (sekretær), Raymond Lorentzen, Janne Lisesdatter Håkonsen, Roy Pedersen, Joakim Møllersen, Idar Helle, Linda Amundsen og Atle Forfang Rostad.

Fagleg utval har hatt ni møte i 2020. Sentrale tema for utvalet har vore arbeidsliv, sosial dumping og EUs fjerde jernbanepakke. 28. januar inviterte fagleg utval representantar frå ungdomspartia og ungdomsutvalet i LO i Oslo til eit samarbeidsmøte. Føremålet med møtet var å diskutera eit samarbeid om ein EØS-pub – debattmøte om EØS. Møtet vart halde i Oslo Sporveiers Arbeiderforenings lokale på Tøyen, og Fagforbundet, Oslo Senterungdom og Oslo Sosialistisk

## § 2 Årsmelding

Ungdom stilte på møtet. Fagleg utval vil ta opp att arbeidet med EØS-pub i 2021, då korona-pandemien gjorde det vanskeleg å gjennomføra i 2020.

11. juni vart det halde møte i utvalet med tittelen «Hva nå? for EØS, arbeidslivet og utviklingen i EU i kjølvannet av koronaen». Møtestaden var på LO i Oslo i Møllergata 24. Det var plass tjue deltakarar med påmelding på førehand. Dei som heldt innleiing, var leiar i Nei til EUs faglege utval og organisasjonsarbeidar i Rørleggernes fagforeining Boye Ullmann og nestleiar i Nei til EU og leiar for arbeidsplannemnda Idar Helle. Boye tala om LO-kongressen og stortingsvalet 2021 i sikte og korleis arbeidet mot EØS-avtalen skal leggjast opp framover. Idar tok for seg spørsmålet om EU står framfor eit historisk økonomisk kriseforlik og Nei til EU i møte med ein ny unionsdebatt framover.

3. september hadde fagleg utval eit møte om ESAs åtak på Oslo-modellen, der Alexander Wøien som er leiar i Tømrer og Byggfagforeningen, innleidde.

### **Digitalt landsmøte i Nei til EU 5. og 6. november 2020**

Dei som vart valde av årsmøtet 15. oktober 2020 til å representera Oslo Nei til EU, var på kvinnesida Lill Fanny Sæther, Margaret Eide Hillestad og Tove Karina Eidhammer, med vararepresentantar Marielle Minutella, Ragnhild Nyeggen og Janne Lisesdatter Håkonsdatter (sistnemnde utpeika av fylkesstyret etter årsmøtet), og på herresida Ole Kristian Setnes, Roy Pedersen og Håvard Tangen, med vararepresentantane Johan Petter Andresen, Per Medby og Tore Scharning (sistnemnde utpeika av fylkesstyret etter årsmøtet). Etter årsmøtet melde Tove og Roy at dei av ulike grunnar ikkje kunne møta for oss, og dermed kom Janne og Johan Petter til å møta på landsmøtet i staden for dei. Resten av dei valde delegatane møtte på vanleg måte.

Oslo-delegasjonen prøvde å få utvida fristen for framlegg, men denne framstøyten lukkast me ikkje med. Ole Kristian hadde på førehand sendt inn ei rad framlegg om miljø- og klimaspørsmål og eit par framlegg om EUs sentralbank og lokale kredittbankar i arbeidsplanen, og nokre av desse punkta kom opp til røysting. Diverre var det somme av dei som fall. Likevel var me godt nøgde med at seks-sju endringsframlegg vart tekne til fylgje av nemnda, som til dømes at fornybar og grøn energi ikkje treng vera det same. Etter framlegg frå Ole Kristian lukkast me òg med å få vedteke at det skal setjast ned eit fagleg utval for digital sjølvråderett. Margaret leverte òg inn framlegg om å setja av 30 000 kroner til kvinnekonferansen 2021, og dette vart vedteke. Det var om lag 160 utsendingar på landsmøtet, og me i Oslo-delegasjonen sat samla på Hotell Opera ved Oslo sentralstasjon. I tillegg til Oslos eigne utsendingar sat rådsmedlem Odd Einar Dørum saman med oss. Ny leiar for Nei til EU etter landsmøtet vart Roy Pedersen, som er medlem av Oslo Nei til EU og det faglege utvalet vårt. Fylkesleiar Syver vart òg vald inn i styret for Nei til EU sentralt, og Lill Fanny og Ole Kristian kom på varalista. Landsmøtet vedtok òg mange fine fråsegner (uttalelser).

## § 2 Årsmelding





God stemning i Oslo-delegasjonen på digitalt landsmøte i Nei til EU. Frå venstre: Syver Zachariassen, Lill Fanny Sæther, Margaret Eide Hillestad, Johan Petter Andresen og Ole Kristian Setnes (foto: Lill Fanny Sæther).

### Jul-e-marknaden 2020

Dette var den 26. marknaden i den ubrotne rekkja sidan 1995. Koronatiltaka førte til at julemarknaden måtte gjerast om på. Det vart i staden digital marknad med lotteri, boksal og kunstsøl, inkludert heimestrikk. Komitémedlemene gjekk saman om å fotografera dei fleste av kunstverka me har samla inn og laga ein faldar som vart spreidd ved hjelp av heimesida til fylkeslaget og Facebook. Det vart òg lagt ut ei noko mindre liste med hundre utvalde bøker av ymse sjangrar. Kring ein tredjepart av bøkene vart selde, men dei største inntektene kom heilt klårt frå kunsten. Lotteriet var òg ganske innbringande. Det vart òg laga ein kalender for 2021 med kunstfoto som vart seld til sjølvkost, sidan han vart lagd ut litt seint.

Det gjekk ut e-postar og tekstmeldingar til alle medlemene som har opplyst oss om slikt. Salet kunne sikkert vore betre, og det vart ikkje den nærleiken og samhaldet som ein fysisk marknad kan gje oss. Likevel fekk me inn ein ikkje heilt liten pengesum, sjå elles rekneskapen. Me satsar sjølvstund på ein vanleg fysisk marknad i november 2021 når vaksineprogrammet er i hamn. Koordinator og drivkraft bak marknaden er Berit Moen, med god assistanse frå Lill Fanny Sæther, Tore Scharning og Håvard Tangen. Dei andre komitémedlemene er Kari Synnes, Ingebjørg Gram, Johan Petter Andresen, Dag Hagen Berg, Randi K. Solheim, Bente Moseng og Maren Dahle Lauten.

## § 2 Årsmelding



Døme på produkt som var til sals på jul-e-marknaden 2020 (foto: Håvard Tangen).

### Kontrollnemnd

I kontrollnemnda vår sit Berit Moen, Ola-Jacob Sønsthagen og Kristine Mollø-Christensen. Dei har tilsyn med møtebøker og annan aktivitet i fylkeslaget og leverer ein rapport på kvart årsmøte.

### Valnemnd

Dei som vart valde av styret til valnemnd føre årsmøtet i 2021, var Margaret Eide Hillestad, Ragnhild Nyeggen, Janne Lisesdatter Håkonsen og Johan Petter Andresen.